

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
032/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	12.06.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

**Vidare arbeid med styringsdokumentet for etableringa av «ny kommune»**

## **Framlegg til vedtak:**

1. Styringsdokumentet for etableringa av ein «ny kommune» behandlast i møtet i Fellesnemnda 2. oktober.

## **Førebuande fellesnemnd - ny kommune - 032/17**

### **FELLES - behandling:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **FELLES - vedtak:**

Styringsdokumentet for etableringa av ein «ny kommune» behandlast i møtet i Fellesnemnda 2. oktober.

### **Saksopplysningar:**

For å synleggjere retninga og omfanget for programmet skal det utarbeidast eit styringsdokumentet, der blant anna prosjektorganiseringa med dei ulike rollene vert skildra. Styringsdokumentet skal synleggjere korleis programmet skal gjennomførast, og leggja eit godt grunnlag for ei evaluering av om programmet har nådd måla som har vorte vedteke.

For å sikra at styringsdokumentet fyllar alle føremåla er det viktig å sikra god

forankring, både politisk, administrativt og blant dei tillitsvalte. Av den grunnen er det behov for å arbeida vidare med dokumentet for å skapa eit godt eigarskap til opplegget for arbeidet med å slå kommunane saman. For å oppnå dette er det i det vidare arbeidd lagt opp til å involvera leiargruppene i dagens kommunar, og gjennomføra drøftingar med dei tillitsvalde i dei tre kommunane. For å sikra god politisk forankring vert lagt det opp til å bruka Saksførebuande utval som ein arena for å drøfta korleis dokumentet skal utformast og korleis ulike delar skal omtalast. Fellesnemnda vil òg involverast gjennom eit to-dagars seminar (4.-5. september) der det vil arbeidast med viktige element frå styringsdokumentet, slik som målsetjingar, kommunikasjonsstrategiar, avgrensingar og avhengnader og strategiar for gjennomføring av programmet.

.....